



Arkivsaknr: 2026/665-3
Sakshandsamar: Truls Morten Kaland
Avdeling: Økonomi

SAKSFRAMLEGG

Årshjul økonomireglement

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	10.09.2026
	Kommunestyret	24.09.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre vedtar årshjul for det økonomiske arbeidet i 2026 og 2027. Årshjulet har følgjande aktivitetar:

Månad	Aktivitet	Politisk handsaming
Januar	Sak om framdrift og prosess for arbeid med økonomisaker. Planlegge prosess gjennom året. Kommunedirektøren legg fram korleis årsbudsjettet frå desember året før vil verte fulgt opp.	Formannsskap
Februar	Årsrekneskap ferdig 22.02	
Mars	Årsmelding ferdig 31.03	
April	Dialogkonferanse med analyse og utfordringsbilete. Gjennomgang av rekneskap, statistikk og andre relevante analysedata. Vurdering av kommunen sine utfordringar i tida som kjem. Gjennomgang av inntektssystem og kommunale økonomiske begrep for å styrke felles situasjons- og økonomiforståing.	Formannsskap
Mai	Revidert nasjonalbudsjett	
Juni	Handsaming av rapport pr 1.tertial	Formannsskap og kommunestyre
	Handsaming av årsmelding og årsrekneskap	Formannsskap og kommunestyre
	Drøfte prioriteringar for kommande økonomiplanperiode og neste års budsjett. Utgangspunkt er mål, strategiar og tiltak i overordna planer. Kommunedirektøren orienterer om mogelege økonomiske rammer for økonomiplanperioden. Vedtak der Kommunedirektøren får føringar for rammer i økonomiplanperioden i årets økonomiplanprosess.	Formannsskap og kommunestyre
September	Budsjettkonferanse. Kommunedirektøren legg fram til diskusjon prioriteringar opp mot analyse, utfordringebilete og kommunens mål.	Formannsskap (utvida)
Oktober	Statsbudsjett vert lagt fram	
	Handsaming av rapport pr 2.tertial	Formannsskap og kommunestyre
November	Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan	
	Innstilling til budsjett og økonomiplan	Formannsskap
Desember	Vedtak budsjett og økonomiplan	Kommunestyre

For 2026 vert det lagt opp til følgjande prosess i arbeid med Budsjett 2027 og økonomiplan 2028-2030:

Månad	Aktivitet	Politisk handsaming
September	Handsaming av måltal og årshjul som skal inngå i revidert økonomireglement.	Formannsskap og kommunestyre
Oktober	Budsjettseminar med analyse av utfordringsbilete. Gjennomgang av rekneskap, statistikk og andre relevante analysedata. Vurdering av kommunen sine utfordringar i tida som kjem. Gjennomgang av inntektssystem og kommunale økonomiske begrep for å styrke felles situasjons- og økonomiforståing. Opplæring i Politikermodule i Framsikt.	Formannsskap (utvida)
	Handsaming av revidert Økonomireglement	Formannsskap
	Handsaming av rapport pr 2.tertial	Formannsskap og kommunestyre
November	Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan	
	Handsaming av revidert Økonomireglement	Kommunestyre
	Innstilling til budsjett og økonomiplan	Formannsskap
Desember	Vedtak budsjett og økonomiplan	Kommunestyre

Politisk handsaming
Saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

Som ein del av arbeidet med forbetring av budsjettprosessen vert det med dette lagt fram sak om prosess for gjennomføring hausten 2026 og som eit fullt årshjul for 2027. Prinsippa for årshjul og prosess vert ein del av ein samla revidert økonomireglement.

Saksopplysningar

Bakgrunn

I dagens økonomireglement er det lagt opp til at politisk involvering i budsjettprosessar startar på budsjettseminaret på hausten. Dette er behov for at det vert politisk involvering i budsjettprosess gjennom året. På denne måten kan budsjettrelaterte saker verte avklart tidlegare, og det er rom for å arbeide med prioriteringar som støtter opp under heilskapleg styring for å nå overordna politiske mål.

Vaksdal kommune deltar i KS sitt utviklingsnettverk. Eit av tema som vert tatt opp er folkevalde sin involvering i budsjettprosessar, og det vert her vist til Rapport 887 frå Telemarkforskning

Det som her vert trukke fram som viktige tiltak for å styrke politisk styring og eigarskap til budsjettprosessen er:

1. Sørg for tidleg medverknad i prosessen.
 - Tid er ein grunnleggjande føresetnad for gjennomføring av nødvendige prosessar knytt til budsjettarbeidet.
2. Utarbeid eit årshjul for politisk behandling av budsjett- og økonomisaker.
 - Årshjulet bør vedtakast politisk kvart år. Dette gir auka føreseielegheit for prosessane, både politisk og administrativt. Datoar for viktige milepålar bør fastsetjast.
3. Sørg for ei tydeleg avklaring av kva som er administrasjonen og politikarane sine roller og oppgåver, og korleis ein ønskjer at samhandlinga skal gå føre seg.
4. Avklar korleis økonomisk rammestyring skal gå føre seg politisk, og kva slags rapporteringsrutinar ein skal ha for å følgje opp budsjettet gjennom året.
5. Sørg for oppdaterte kommunale planar, og synleggjer korleis årsbudsjettet understøttar viktige føringar i kommunen sitt planverk.
 - Dette styrkjer føresetnadene for langsiktig og heilskapleg styring som grunnlag for å nå overordna politiske mål.
6. Arranger ein dialogkonferanse innan utgangen av april for å skape ei omforeint forståing av kommunen sitt utfordringsbilete.
 - Korleis ligg kommunen an i høve til dei strategiane, planane og måla som er sette

for utviklinga i kommunen?

- Kva er prognosane framover?
- Kva vil vere viktige politiske spørsmål å ta stilling til?

Ei felles verkelegheitsforståing er avgjerande for gode politiske diskusjonar og for å kome fram til gode løysingar og kompromiss om langsiktige vegval med utgangspunkt i dei samfunnsutfordringane ein står overfor.

7. Kombiner gjerne dialogkonferansen med folkevaldopplæring om eit relevant tema.
8. Arranger ein rammekonferanse i juni i etterkant av at kommuneproposisjonen og revidert statsbudsjett er lagde fram.
 - Hovudføremålet med denne konferansen vil vere å gi politiske signal om kva som bør prioriterast i budsjettarbeidet. Det kan vere nyttig med ei meir uformell ramme med tanke på diskusjonar og høve til å stille spørsmål. Dette kan òg bidra til å sikre god samhandling og byggje tillit mellom politikk og administrasjon. Dei endelege økonomiske rammene for det detaljerte budsjettarbeidet utover hausten blir vedtekne i ei eiga politisk sak i etterkant av rammekonferansen.
9. Avklar budsjettrelaterte saker med formannskapet utover hausten før kommunedirektøren offentleggjer og legg fram sitt salderde budsjett.
10. Kommunen sin administrasjon bør stille kompetanse og ressursar til rådvelde for å gi fagleg støtte i partigruppene si behandling av kommunedirektøren sitt budsjettframlegg (gruppemøte mv.).

Forslag til Årshjul for behandling av budsjett- og økonomisaker

I forslag til årshjul vert det lagt opp til opplæring, styringsdialog gjennom rapportering, og budsjett- og planarbeid. Forslaget stettar tiltaka som det vert vist til i Rapport 887 frå Telemarkforsking. Det vert ikkje lagt opp til eigne heildagsmøter for dialogkonferanse og rammekonferanse, men dette vil komme som saker på ordinære møte. Budsjettkonferanse vil vere samlingar over 2 dagar.

Månad	Aktivitet	Politisk handsaming
Januar	Sak om framdrift og prosess for arbeid med økonomisaker. Planlegge prosess gjennom året. Kommunedirektøren legg fram korleis årsbudsjettet frå desember året før vil verte fulgt opp.	Formannsskap
Februar	Årsrekneskap ferdig 22.02	
Mars	Årsmelding ferdig 31.03	
April	Dialogkonferanse med analyse og utfordringsbilete. Gjennomgang av rekneskap, statistikk og andre relevante analysedata. Vurdering av kommunen sine utfordringar i tida som kjem. Gjennomgang av inntektssystem og kommunale økonomiske begrep for å styrke felles situasjons- og økonomiforståing.	Formannsskap
Mai	Revidert nasjonalbudsjett	
Juni	Handsaming av rapport pr 1.tertial	Formannsskap og kommunestyre
	Handsaming av årsmelding og årsrekneskap	Formannsskap og kommunestyre
	Drøfte prioriteringar for kommande økonomiplanperiode og neste års budsjett. Utgangspunkt er mål, strategiar og tiltak i overordna planer. Kommunedirektøren orienterer om mogelege økonomiske rammer for økonomiplanperioden. Vedtak der Kommunedirektøren får føringar for rammer i økonomiplanperioden i årets økonomiplanprosess.	Formannsskap og kommunestyre
September	Budsjettkonferanse. Kommunedirektøren legg fram til diskusjon prioriteringar opp mot analyse, utfordringebilete og kommunens mål.	Formannsskap (utvida)
Oktober	Statsbudsjett vert lagt fram	
	Handsaming av rapport pr 2.tertial	Formannsskap og kommunestyre
November	Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan	
	Innstilling til budsjett og økonomiplan	Formannsskap
Desember	Vedtak budsjett og økonomiplan	Kommunestyre

For budsjettprosessen hausten 2026 vert følgjande lagt til grunn:

Månad	Aktivitet	Politisk handsaming
September	Handsaming av måltal og årshjul som skal inngå i revidert økonomireglement.	Formannsskap og kommunestyre
Oktober	Budsjettseminar med analyse av utfordringsbilete. Gjennomgang av rekneskap, statistikk og andre relevante analysedata. Vurdering av kommunen sine utfordringar i tida som kjem. Gjennomgang av inntektssystem og kommunaleøkonomiske begrep for å styrke felles situasjons- og økonomiforståing. Opplæring i Politikermodule i Framsikt.	Formannsskap (utvida)
	Handsaming av revidert Økonomireglement	Formannsskap
	Handsaming av rapport pr 2.tertial	Formannsskap og kommunestyre
November	Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan	
	Handsaming av revidert Økonomireglement	Kommunestyre
	Innstilling til budsjett og økonomiplan	Formannsskap
Desember	Vedtak budsjett og økonomiplan	Kommunestyre

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at det vert innarbeidd årshjul som stettar krava til auka involvering i budsjettprosessen.